



Ål kommune

## Møteprotokoll

**Utval:** Sektorutval for teknisk, næring og ressurs  
**Møtestad:** Tingstugu - Hemsén  
**Dato:** 22.06.2021  
**Tidspunkt:** 09:00 -  
**Møteleiar:** Knut Einar Haug  
**Møtesekretær:** Reidun Aaker

### Tilstades:

Navn	Funksjon	Medl.	Varamedlem for
Knut Einar Haug	Leder	H	
Sverre Frydenlund	Varamedlem	AP	Hedvig Johanne Rud
Knut Jarl Ulshagen Langseth	Varamedlem	SP	Gro Torpe
Solveig Løkensgard Arnegard	Medlem	SP	
Nils Ove Svensgård	Medlem	SP	
Vilde Springgard	Medlem	SV	

### Desse møtte frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Reidun Aaker	drifts- og utviklingssjef

### Merknad i møte:

Forfall: Dagfinn Bøygard, ingen vara møtt

### Underskrifter:

**Knut Einar Haug (H)**      **Sverre Frydenlund (Ap)**      **Knut Jarl Ulshagen Langseth (Sp)**

**Solveig L. Arnegard (Sp)**      **Nils Ove Svensgård (Sp)**      **Vilde Springgard (SV)**

*Møteprotokollen blir godkjent i neste møte*

## Saksliste

Utvalgs- saksnr.	Arkiv- saksnr.	Tittel
PS 62/21		Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 63/21		Godkjenning av møteprotokoll
PS 64/21	2021/2468	48/2 - Klage på avslag om frådelling av stølsbu og kiosk
PS 65/21	2021/3017	44/3 - Søknad om frådelling av kårhus
PS 66/21	2021/3177	Prinsippsak - Avklaring av plassering av gang- og sykkelveg mellom Torpo Næringspark og Torpo Kyrkje
PS 67/21	2021/3257	3/10 - Dispensasjon frå plan til utvida bruk for reinseanlegg
PS 68/21	2021/3982	Forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll med avløpsanlegg
PS 69/21	2021/4342	4/1, 3/10 - Dispensasjonssøknad - plassering av veg og snuplass for reinseanlegg - Syningen aust
PS 70/21	2021/4071	47/52 - Dispensasjonssøknad - Plassering av anneks - Skrindehaugen
PS 71/21	2021/3733	127/293 - Dispensasjonssøknad - Samanbygging av hytte og anneks - Sangefjell
PS 72/21	2021/3636	110/95 - Dispensasjonssøknad for uthus og tilbygg til hytte - Vestlia
PS 73/21	2021/3944	64/18 - Dispensasjonssøknad for inngjerding av hytte - Dokkstølvegen
PS 74/21	2021/4295	91/80 - Dispensasjonssøknad - Tilkomstveg til hyttetomt -Tverrlie
PS 75/21	2021/3534	110/35- Søknad om dispensasjon frå LNF- føremålet for å opprette ny bustadeigedom
PS 76/21	2021/4382	Open post - Sektorutval for teknisk, næring og ressurs 22.06.2021

### **PS 62/21 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 62/2021 i møte den 22.06.2021**

### **Behandling**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

**STNR godkjente innkalling og sakliste.**

**PS 63/21 Godkjenning av møteprotokoll**

**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 63/2021 i møte den 22.06.2021**

**Behandling**

Møteprotokollen vart samrøystes vedteke.

**Møteprotokoll frå STNR 25.5.21 er godkjent.**

**PS 64/21 48/2 - Klage på avslag om frådeling av stølsbu og kiosk**

**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 64/2021 i møte den 22.06.2021**

**Behandling**

Utvalet var på synfaring.

Følgjande framlegg frå Knut Einar Haug (H) vart samrøystes vedteke:

Med heimel i jordlova § 12 godkjenner sektorutval for tenisk, næring og ressurs (STNR) frådeling avstølsbu med inntil 1 daa frå 48/2.

Grunngjevinga er at bygningen med status stølsbu ligg utanfor vollen og at bygget som vart godkjent oppført som kiosk betre kan fungere som stølsbu for eigedomen. Dette vil gje ei betre driftsmessig løysing.

**Vedtak:**

**Med heimel i jordlova § 12 godkjenner sektorutval for tenisk, næring og ressurs (STNR) frådeling av stølsbu med inntil 1 daa frå 48/2.**

**Grunngjevinga er at bygningen med status stølsbu ligg utanfor vollen og at bygget som vart godkjent oppført som kiosk betre kan fungere som stølsbu for eigedomen. Dette vil gje ei betre driftsmessig løysing.**

## **PS 65/21 44/3 - Søknad om frådeling av kårhus**

**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 65/2021 i møte den 22.06.2021**

### **Behandling**

Følgjande omforeinte framlegg vart samrøystes vedteke:

Med heimel i jordlova (LOV-1995-05-12-23) prgf 1 og 12 gjev STNR samtykke til å dele i frå kårhuset med tomt frå 44/3 i samsvar med søknad og kart registrert i Ål kommune 5. juli 2019. Frådelinga gjeld ingen rettar ut over tomtearealet.

Grunngjevinga for frådelingsløyvet er folketalsutviklinga i kommunen og omsynet til busetjinga i området. Tomta med bustadhus blir med det ein bustadeigedom med upersonleg buplikt.

STNR legg vekt på at det ikkje er drift på landbrukseigedom, og at det dermed ikkje trengst kårhus. Tomta er klassifisert som jorddekt fastmark i arealklassifiseringa AR5, og ei frådeling vil ikkje hindre eventuell framtidig utnytting av jordbruksarealet. STNR legg og vekt på at tomta ligg 10 meter frå våningshuset på garden, og at den nye eigedomen dermed blir klart åtskilt frå tunet.

Dersom delinga og salet ikkje er gjennomført innan tre år etter at samtykke er gjeve, fell løyvet bort.

### **Vedtak:**

**Med heimel i jordlova (LOV-1995-05-12-23) prgf 1 og 12 gjev STNR samtykke til å dele i frå kårhuset med tomt frå 44/3 i samsvar med søknad og kart registrert i Ål kommune 5. juli 2019. Frådelinga gjeld ingen rettar ut over tomtearealet.**

**Grunngjevinga for frådelingsløyvet er folketalsutviklinga i kommunen og omsynet til busetjinga i området. Tomta med bustadhus blir med det ein bustadeigedom med upersonleg buplikt.**

**STNR legg vekt på at det ikkje er drift på landbrukseigedom, og at det dermed ikkje trengst kårhus. Tomta er klassifisert som jorddekt fastmark i arealklassifiseringa AR5, og ei frådeling vil ikkje hindre eventuell framtidig utnytting av jordbruksarealet. STNR legg og vekt på at tomta ligg 10 meter frå våningshuset på garden, og at den nye eigedomen dermed blir klart åtskilt frå tunet.**

**Dersom delinga og salet ikkje er gjennomført innan tre år etter at samtykke er gjeve, fell løyvet bort.**

**PS 66/21 Prinsippsak - Avklaring av plassering av gang- og sykkelveg mellom Torpo Næringspark og Torpo Kyrkje**  
**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 66/2021 i møte den 22.06.2021**

**Behandling**

Framlegget frå Nils Ove Svensgård (SP) vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

- 1. Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) vedtek i samsvar med trafikktryggleiksplanen for Ål kommune 2019-2022 at ny gang og sykkelveg mellom Torpo næringspark og Torpo kyrkje skal detaljregulerast saman med prosjektet VA.**
- 2. STNR legg ikkje planen ut på høyring no, men ber administrasjonen utarbeide detaljreguleringsplan for VA og gangtrase på andre sida (sørsida) av fylkesveg 242 frå Øygard til Torpo kyrkje. For strekninga Lya bru til Øygard vert det ei omregulering av eksisterande reguleringsplan då traseen for VA og gang/sykkelveg no skal leggjast på austsida av fylkesvegen i forhold til tidlegare vedtekne reguleringsplan.**
- 3. Ut frå miljømessige omsyn er det viktig at minst mogleg dyrka mark vert teke. Administrasjonen vert beden om å gå i forhandlingar med Viken fylkeskommune om korleis dette kan løysast på best måte.**

**PS 67/21 3/10 - Dispensasjon frå plan til utvida bruk for reinseanlegg**  
**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 67/2021 i møte den 22.06.2021**

**Behandling**

Nils Ove Svensgård (SP) gjekk frå som ugild før handsaming av saka tok til.  
Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

***Sektorutval for teknisk, næring og ressurs, STNR, gir med heimel i plan og bygningslova§ 12-14, dispensasjon frå reguleringsplanen for Syningen. Det vart i reguleringsplan avsett for lite område for bygging av eit reinseanlegg som er stort nok for i høve talet på hyttar som er regulerte i området. Grunngevinga for vedtaket er at føremålet med planen ikkje vert sett til side, og at det er viktig at reinseanlegget vert bygd stort nok til å handtere tal hytter i området. Vedlagt teikning over storleiken på reinseanlegget med avsett området for reinseanlegg blir godkjent.***

**PS 68/21 Forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll med avløpsanlegg**  
**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 68/2021 i møte den 22.06.2021**

**Behandling**

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

**Lokal forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll av avløpsanlegg blir vedteke for sikre at kommuna kan krevja inn gebyr for tilsyn og kontrolltiltak. Gebyrets storleik skal ikkje overskride dei faktiske kostnadene kommuna har med arbeidet. Dette blir regulert årleg i gebyrregulativet.**



**PS 69/21 4/1, 3/10 - Dispensasjonssøknad - plassering av veg og snuplass for reinseanlegg - Syningen aust**  
**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 69/2021 i møte den 22.06.2021**

**Behandling**

Nils Ove Svensgård (SP) gjekk frå som ugild før handsaming av saka tok til. Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 å gje dispensasjon frå regulert friluftsføremål, for plassering av tilkomstveg og snuplass ved reinseanlegget. Grunngevinga for vedtaket er at planen har avsett alt for lite areal til reinseanlegg/tilkomst. Dispensasjon for hensiktsmessige areal vil ikkje setja omsynet bak planen vesentleg til sides. Fordelane for samfunnet er å få etablert eit funksjonelt anlegg. Reinseanlegget gjer at denne delen av friluftsområdet ikkje er turprega, og gjer at ulempene for samfunnet vert små. STNR finn etter ei samla vurdering, at fordelane for samfunnet er større enn ulempene.**

**PS 70/21 47/52 - Dispensasjonssøknad - Plassering av anneks - Skrindehaugen**  
**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 70/2021 i møte den 22.06.2021**

**Behandling**

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heime i plan- og bygningslova § 19-2 å avslå søknaden om dispensasjon for plassering av anneks på nabotomta, og i 11 m avstand frå hytta. Grunngevinga for vedtaket er at løysinga vil hemme plassering av hytte på nabotomta, noko som etter STNR sitt skjøn set omsynet bak reguleringsplanen vesentleg til sides. 11 m avstand mellom hytte og anneks er nesten 4 gonger meir enn kravet i vedteken plan, og set omsynet bak planen vesentleg til sides. STNR er open for å kunne godkjenne andre alternativ til plassering av anneks inne på eiga tomt, sjølv om avstanden til hytta vert litt meir enn 3 m. Dersom det ikkje er mogleg å byggje anneks på eiga tomt, må søkjaren i staden vurdere tilbygg til hytta.

**PS 71/21 127/293 - Dispensasjonssøknad - Samanbygging av hytte og anneks - Sangefjell  
Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 71/2021 i møte den 22.06.2021**

**Behandling**

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 å gje dispensasjon frå arealgrensa på 120 m<sup>2</sup> BYA i område utan reguleringsplan, for omsøkt mellombygg på 26,8 m<sup>2</sup> som gjer at hytta vert på 151,8 m<sup>2</sup> BYA. Sidan ny bygningsdel kjem mellom eksisterande hytte og anneks som ei samanbygging av desse, vert ikkje omsynet bak planen sett vesentleg til sides, og gir små ulemper for samfunnsinteressene. Fordelane for samfunnet er eit komprimert bygg, som samstundes får eit småskalauttrykk fordi det er oppdelt i ulike fløyar med sprang i takflatene. Etter ei samla vurdering finn STNR at fordelane for samfunnet er større enn ulempene.

**PS 72/21 110/95 - Dispensasjonssøknad for uthus og tilbygg til hytte - Vestlia**  
**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 72/2021 i møte den 22.06.2021**

**Behandling**

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimeil i plan- og bygningslova § 19-2 å gje dispensasjon frå byggeforbodet i LNF-område, for omsøkte tilbygg og uthus. Sidan hytta ligg i kant av busetnaden i grenda, og ikkje så langt frå sentrum, finn rådmannen at omsynet bak byggeforbodet i planen ikkje vert sett vesentleg til sides i denne saka. Sidan bygningsmassen ligg skjult i landskapet, vert det ikkje vesentlege ulemper for samfunnsinteressene. Fordelane for samfunnsinteressene er at dispensasjon vil stimulere til å ta plassen i bruk, med stell og vedlikehald og gjenopning av kulturlandskapet og gjenetablering av naturmangfaldet knytt til randsonene mellom skog og innmark rundt vollen. STNR finn etter ei samla vurdering at fordelane for samfunnet er større enn ulempene i denne saka.

**PS 73/21 64/18 - Dispensasjonssøknad for inngjerding av hytte - Dokkstølvegen**  
**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 73/2021 i møte den 22.06.2021**

**Behandling**

Rådmannens framlegg vart samrøyste vedteke.

**Vedtak:**

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 å avslå søknaden om inngjerding av heile tomta på 1000 m<sup>2</sup>. Grunngevinga for vedtaket er at ei så stor overskriding av gjerderegelen set omsynet bak planen vesentleg til sides.

**PS 74/21 91/80 - Dispensasjonssøknad - Tilkomstveg til hyttetomt -Tverrlie**  
**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 74/2021 i møte den 22.06.2021**

**Behandling**

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 å gje dispensasjon frå landbruksfremålet, slik at hyttevegen kan krysse grøntkorridoren nedst i skråninga.**

**Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:**

☒ **Ferdig golv i hytta skal ikkje liggja høgare enn kote 1019.**

☒ **Nedre del av vegen utaføre tomta, skal vera tilgjengeleg for ålmenta, som tilkomst til grøntkorridoren.**

**Med desse vilkåra finn STNR at omsynet bak planen ikkje vert sett vesentleg til sides, og at det ikkje oppstår vesentlege fordeler eller ulemper for samfunnet med denne løysinga. STNR legg vekt på at tomta har ei vanskeleg og trang utforming, der det er naturleg å plassere tilkomsten i nordaust i den spissaste delen av tomta, og ha uteområdet i det vidaste tomtearealet i sørvest. STNR finn etter ei samla vurdering å kunne gje dispensasjon.**

**PS 75/21 110/35- Søknad om dispensasjon frå LNF- føremålet for å opprette ny bustadeigedom  
Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 75/2021 i møte den 22.06.2021**

#### **Behandling**

Rådmannens framlegg alternativ A vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs gjev i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå LNF- føremålet i Arealdelen av kommuneplanen, slik at det kan delast frå gnr. 110 bnr. 35 ein parsell til bustadføremål utan at det vert utarbeidd reguleringsplan.

Grunngjevinga er at Ål kommune ynskjer at familiar skal busetje seg og bli buande i kommunen og opnar for at det kan delast frå om lag 1,8 dekar til ein ny bustadeigedom her. Tiltaket er ikkje i vesentleg konflikt med viktige landbruk-, natur-, vilt-, landskaps-, friluft-, og kulturlandskapsinteresser eller kulturminne.

Det er eksisterande spreidde bustader langs Vestlivegen, som er oversiktleg der parsellen ligg.

Bustadomsynet vert vektlagt også i vurderinga etter jordlova.

Vilkår: Ein føresetnad for at løyvet vert gjeve, er at bustaden skal knyttast til kommunalt avlaup.

Vilkår som Viken fylkeskommune har sett dersom det vert gjeve løyve: «Dersom det under anleggsarbeider treffes på automatisk fredete kulturminner, eksempelvis i form av helleristninger, brent leire, keramikk, flint, groper med og/eller brent stein, slagg etter jernfremstilling etc., skal arbeidet øyeblikkelig stanses og fylkeskommunen varsles, jf. lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50, (kulturminneloven) § 8.»

**PS 76/21 Open post - Sektorutval for teknisk, næring og ressurs 22.06.2021**

**Sektorutval for teknisk, næring og ressurs har behandla sak 76/2021 i møte den 22.06.2021**

**Behandling**

Administrasjonen orienterte om kva omsyn som skal vurderast ved handsaming av søknad om frådeling av kårbusstad.

Eit notat om dette vert sendt STNR.

Administrasjonen orienterte om søknad om deling av eigedomen Lien landbruksskule.

Administrasjonen orienterte om gangen i planposessar.

STNR ba administrasjonen om å undersøke trafikktryggleiksomsyn etter at Bilbakken har vorte stengt for bil og om det er mogleg å få til ein kommunal snuplass i Gamlevegen.

**Ingen vedtak.**



